



Skulemusikken arrangerte ein svært vellukka og stemningsfull julekonsert for eit stort publikum i båthamna 13.desember.

**43 gevinstar er trekt ut på Uskedal skulemusikk sin kjekke adventskalendar i førjulstida. Styret håpar at det har skapt spenning og god førjulstemning i mange heimar. For drifta av skulemusikken er salget av adventskalendarar ei inntektskjelde som er svært så viktig. Derfor ønskjer korpset å takka alle som har støtta dei på ulike måtar, samtidig som alle vinnarnummera vert repetert.**

- Vi har opplevd ei fantastisk støtte rundt adventskalendaren også i år, og det er mange som fortener takk, melder styret ved Monica Hermann og Haldis Aakra.

- Vi vil takka alle som har kjøpt kalender også dette året, og så er vi sjølv sagt veldig takksame overfor alle, både privatpersonar og firma, som har gjort kalendarsalget mogeleg for oss. Vi har fått utruleg mange flotte gevinstar, og det er svært inspirerende for oss å oppleva denne fantastiske velviljen både når vi spør etter gevinstar, og når gevinstgjevarar tar kontakt med oss, melder styret.

Dei seier vidare at dei er svært takksame overfor Zjakk frisør og Gros Blomster som i tillegg til foreldre og musikarar gjorde ein super jobb med salg av kalenderar. Dette var ekstra utfordrande i år, men den gode innsatsen gjorde at dei mest følte at dei 'vann' over koronaen!

- Auto 88 AS har også i år tatt på seg oppgåva å levera ut gevinstante til vinnarane. Vi er dei stor takk skuldig for at dei gjer dette for oss år etter år. I den samanheng minner vi om at fristen for å henta gevinstar er fredag 8. januar, avsluttar styret som også vil takke uskedalen.no som kvar dag har publisert nye vinnarnummer.

Til slutt tar vi med alle vinnarnummer i tilfelle nokon har gått glipp av dei:

13, 280, 212, 264, 126, 457, 84, 186, 37, 194, 397, 122, 74, 112, 83, 377, 268, 54, 409, 479, 262, 480, 240, 2, 315, 159, 441, 423, 300, 472, 115, 90, 22, 348, 254, 420, 227, 332, 355, 154, 32, 29 og 127.

Vinnarar tar med kalendaren sin til Auto 88 AS innan 8.januar så vil dei få gevinsten.

Skulemusikken takkar for den gode støtta dei alltid opplever for aktiviteten sin.

Tekst, arkivfoto og nett: Thor Inge Døssland